

## Saksgang

| Utv  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 19.05.2020 |
| Fylkesutvalet                                |             | 28.05.2020 |
| Fylkestinget                                 |             | 09.06.2020 |

## Søknad om midlar til Griegkvarteralet

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på initiativet om å vidareutvikle planane for Griegkvarteralet i Bergen.
2. Vestland fylkeskommune avslår søknaden om midlar til vidareutvikling av prosjektet Griegkvarteralet på bakgrunn av den økonomiske situasjonen.

## Samandrag

Musikkenskapet Harmonien, Bergen Nasjonale Opera og Grieghallen søker Bergen kommune og Vestland fylkeskommune om til saman 2,5 millionar kroner til ein vidareutviklingsfase av planane for Griegkvarteralet i Bergen. Initiativtakarane la i november 2019 fram eit skisseprosjekt for tiltaket. Fylkesrådmannen vurderer Griegkvarteralet som eit positivt og viktig tiltak for å utvikle Grieghallen sine funksjonar og kulturlivet i Bergen og Vestland. Fylkesrådmannen innstiller på avslag på bakgrunn av den økonomiske situasjonen i Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 200129 Søknad om midlar til Griegkvarteralet til Bergen kommune og Vestland fylkeskommune
- 2 Griegkvarteralet-Skisseprosjektrapport 2019-11-11

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Musikkenskapet Harmonien, Bergen Nasjonale Opera og Grieghallen søkte 30. januar 2020 Bergen kommune og Vestland fylkeskommune om til saman 2,5 millionar kroner til ein vidareutviklingsfase av planane for Griegkartalet i Bergen. Dei tre initiativtakarane ønskjer å utvikle Grieghallen og kvartalet rundt ved å bygge ein delvis nedsenka musikkteatersal og -scene på Edvard Griegs plass.

Rambøll AS fekk i januar 2019 oppdraget med å utarbeide eit skisseprosjekt for Griegkartalet. Dette var ferdigstilt i november 2019, og dannar grunnlaget for neste fase der initiativtakarane vil vidareutvikle prosjektet. Skisseprosjektet var finansiert av private gåver frå Meteva AS, EGD Holding AS, Grieg Foundation, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

22. november 2018 fatta fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune løyver kr 500.000 til skisseprosjektet for Griegkartalet. Midlane skal takast av fondsmidlane som var avsett til Fartein Valen-senter, disposisjonsfond 2560800403
2. Fylkesutvalet strekar under at denne løvvinga ikkje medførar bindingar for Hordaland fylkeskommune vedrørande framtidig finansiering ved eventuell realisering av tiltaket.

Grieghallen stod ferdig bygd i 1978 og er no eigd av Bergen kommune og Vestland fylkeskommune med 50 % kvar. Eigarselskapet er organisert som eit IKS.

Musikkenskapet Harmonien er største brukar og leigetakar av huset. Kapasiteten til Griegsalen er begrensa, og initiativtakarane ser behovet for ein ny musikkteatersal og -scene. Griegsalen er med sin storleik på 1640 plassar for stor for ein god del produksjonar. Samtidig er den mindre Peer Gynt salen mindre eigna til prøveverksemd gjennom året. Griegkartalet vil kunne romme fleire kulturtilbod både knytt til Bergen kulturskule og andre kulturaktørar. Vidare vil ein kunne vidareutvikle Grieghallen og -kvartalet som arena for konferansar og messer.

Griegkartalet er tenkt plassert delvis under bakken på delar av det som i dag er parkeringsanlegg på Edvard Griegs plass. Gjennom prosjektet ønskjer initiativtakarane å utforme eit attraktivt byrom og ei kulturarena-klyngje av internasjonalt format. Den øvste parkeringsetasjen, *Dovregubbens Hall*, blir bruk jamleg til konferanse- og messearena i dag, og er viktig for huset sin driftsøkonomi.

Musikkenskapet Harmonien, Bergen Nasjonale Opera og Grieghallen ser føre seg ein tre til fireårig fase frå 2020 med vidareutvikling av prosjektet. I budsjett for prosjektet har søkerane estimert eit behov for 2,5 millionar kroner i 2020, 7 millionar kroner i 2021 og 10,5 millionar kroner i 2022.

Bergen kommune har fått ein likelydande søknad som Vestland fylkeskommune til prosjektet, og har førebels ikkje handsama søknaden politisk. Bergen kommune har vore i kontakt med administrasjonen i Vestland fylkeskommune om saka.

Søknaden om midlar til Griegkartalet er sendt Vestland fylkeskommune utanom ordinære, utlyste tilskotsordningar med avsette midlar til disposisjon. Spelemidlar til kulturbygg gjev heller ikkje rom for løvvingar i denne storleiken.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet gjev Fylkestinget tilråding som gjer endeleg vedtak, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er ikkje sett av midlar i budsjettet 2020 til prosjektet.

**Klima:** Ikke relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Grieghallen rommar kultur av regional og nasjonal verdi, og er nemnt som ein viktig aktør i fylket i regional plan for kultur for Hordaland 2015-2025, *Premiss kultur*.

#### Konklusjon

Griegkartalet vil kunne verte eit viktig supplement til dagens Grieghallen gjennom bygging av ein nedsenka musikkteatersal og -scene, samt meir areal til messer og konferansar. Prosjektet vil verte eit løft for kulturlivet i Bergen og i Vestland, og kulturbygget Grieghallen vil få auka status som internasjonal kulturarena. Fylkesrådmannen ser positivt på prosjektet for å vidareutvikle Griegkartalet. På bakgrunn av den økonomiske situasjonen finn fylkesrådmannen likevel ikkje rom for å tilrå løyving til tiltaket.